

Svar på klage frå GBnr 22/19, Mikkelsen datert 10.08.2018

Adkomstrett:

Eiendommen til Mikkelsen har avtale om adkomstrett over gbnr 22/4 (endret til 22/24 i 1983 for denne delen av eiendommen) jfr tinglyst Skyldskifte datert 26.01.1972, dagbok 634, og det samsvarer med det som er opplyst i reguleringsplanen.

Vedr gbnr 22/6 og 22/16 så er det i følge utskrift av Grunnboksinformasjon ikkje tinglyst noko adkomstrett for gbnr 22/19 over desse eiendommane.

Gbnr 22/6 og 22/16 er frådelt på tidlegare tidspunkt enn gbnr. 22/19, hhv i 1936 og 1969.

Gbnr 22/6 er frådelt frå gbnr 22/1, og gbnr 22/16 er frådelt frå gbnr 22/4

Dermed så er det heller ikkje ein glipp at adkomstretten ikkje har blitt overført til desse eiendommane.

Det som står i skyldskiftet er at adkomstretten går til gardsvegen til bnr. 4.

Da må denne adkomstretten møte gardsvegen inne på bnr 4, og ikkje etter å ha kryssa bnr 6 og 16.

Ser at det vises til godkjent plankart datert 25.09.1973 der Mikkelsen hevder at adkomstretten er inntegnet.

Dersom det ikkje fremgår av dette kartet at dette er ein avtale mellom 22/6, 16 og 22/19, så er ikkje dette meir enn ein byggesøknad slik vi ser det.

Dette kan kanskje Lindås kommune verifisere?

Ved behandlingen av byggesøknaden så saksbehandlet ikkje bygningsrådet det privatrettslige på denne tida slik vi forstår det. Det er først i seinere tid (2000-talet) at Lindås kommune har begynt å kreve at ein legg ved tinglyste rettigheter over annan manns grunn.

Vi har seinest den 12.09.2018 ringt til Tinglysningen/ Statens Kartverk, og dei bekrefter at det ikkje ligg inne noko tinglyst kart på gbnr 22/19.

Slik vi ser det så er det dermed kun Skyldskiftet som regulerer denne adkomstretten.

Dersom Mikkelsen meiner at dei har tinglyste rettar over bnr. 6 og 16 så ber vi om at dei blir lagt fram.

Vi har allikevel sagt oss villige til å gi tilkomst over bnr 6 og 16 på den stien som vi skal opparbeide i forbindelse med friluftsområdet så vi ser ikkje heilt kva som er problemet.

Parkering:

Gbnr 22/19 har i seinere år betalt for ein biloppstillingsplass. Denne plassen har vore på bnr 6 og 16 litt etter kva som har passa best for eigarane av bnr. 6 og 16.

Etter at Mikkelsen sendte inn den første merknaden til reguleringsplanen, så hadde vi i Åsgard sameige eit møte med Bjørn Atle Mikkelsen den 29.04.2015.

Møtet hadde vi på eiendommen til Åsgard sameige, og vi såg på muligheten for å etablere ein meir permanent parkeringsplass som Mikkelsen kunne leige.

Det var enighet om at denne parkeringsplassen skulle ligge på gbnr 22/18.

For å kunne nytte denne plassen til parkering så må det masseutskiftes, grøftes og gruses.

Vi avtalte at vi skal sende eit pristilbud på å få opparbeidet denne parkeringsplassen, samt utarbeide ein avtale på dette, etter at reguleringsplanen har blitt godkjent.

Dette forklarer kvifor det ikkje er blitt opparbeidet noko parkering ennå.

Det vart også avtalt i møtet at Mikkelsen kunne fortsette å parkere på bnr. 6 inntil vi har fått opparbeidet ny plass på bnr. 18.

Det vil bli krevd leige av den nye parkeringsplassen når den er på plass.

Vedlagt følgjer Skyldskifte for 22/19 og Grunnboksinformasjon for 22/4, 6, 16, 19 og 24

Oddbjørn Hindenes på vegne av Åsgard sameige, 13.09.2018